



Arkivnr: 2018/232-17  
Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2018

### Tilskot til viltformål 2018

#### Samandrag

Saka gjeld fordeling av tilskotsmidlar til viltformål i 2018 under forvaltninga av haustbare, ikkje truga viltartar. Målgruppa for tilskotsordninga er frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og einskildpersonar.

Søknadsfristen var 15. januar. Det kom i alt 16 søknader, derav 6 som gjeld hjortevilttiltak og resten andre, lokale vilttiltak. Samla omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune er på kr 609 000. Hordaland fylkeskommune har i år fått kr 400.000 til fordeling, som vert føreslått fordelt på 12 av søknadane, som vist i føreslåtte vedtak.

**Økonomi:** Tilskotsmidlane er løyvd av Miljødirektoratet. Midlane står på bunde driftsfond som utelukkande kan forvaltast til viltformål, jf. Forskrift om kommunale viltfond m.m. § 2.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Tilskot bidreg til god viltforvaltning. Viltet bidreg til naturopplevingar, jaktbasert friluftsliv m.m.

**Regional planstrategi:** I planstrategien (s. 25) står det: Biologisk mangfald er stort i fylket og bør vernast om med grunngjeving ikkje berre ut i frå økologisk synsvinkel, men også som ein opplevingsverdi og næringsverdi.

**Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler følgende tilskot til vilttiltak i 2018, under vilkår som vil framgå av tilsegnsbrev

Nr	Søkjær	Tiltak	Tilskot
<b>Lokale vilttiltak - hjort, elg, rådyr</b>			
1	Vestskog	Forvaltning av hjortebestand 2018	100 000
2	Vestskog	Bestandsplan og CWD 2018 og 2019	50 000
3	Norsk Hjortesenter	Viltseminar 2018	15 000
4	NIBIO-Fureneset	Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog	30 000
5	Høgskolen i Sørøst-Norge	Fjellets ressursgrunnlag	0
6	Norsk Villreinsenter Sør	GPS-merking villrein HV & NF, - Ferdse HV	0
<b>Lokale vilttiltak m.v.</b>			
7	Norsk institutt for naturforskning	Organisering av jakt og kunnskapsformidling	10 000
8	Vestskog SA	Lokal småviltforvaltning	30 000
9	Norsk institutt for naturforskning	Raudrev på Hardangervidda	35 000
10	Norsk institutt for naturforskning	En levende kyst Samspill oter mink og sjøfugl	26 000
11	Norsk institutt for naturforskning	Gjess som utfordring og ressurs	0
12	Utmarksavdelingen Akershus Østfold	Nasjonal gåsekonferanse	0
13	Rs natur og bygg	Uttak av mink i fuglefredningsområder	15 000
14	NNI Resources AS	Virkninger av introduserte fiskearter på vannfugl	29 000
15	NJFF-Hordaland	Infoblad om jakt og fiske - infoside internett sjøfugl	45 000
16	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	15 000
<b>Sum vilttiltak (kr)</b>			<b>400 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

## Fylkesrådmannen, 09.04.2018

Under forvaltninga av haustbare, ikkje truga viltartar, fordeler fylkeskommunen årleg tilskot til viltformål frå den statlege tilskotsposten Kap. 1425 post 71.3 *Tilskot til viltformål, Lokale vilttiltak mv.* Tilskotsmidlane har opphav i innbetalte jeger- og fellingsavgifter til det statlege viltfondet. Tilsvarende sak i fjor vart handsama av utvalet på møtet 16. mai, sak PS 78/2017.

### 1 Søknader

Søknader vert fremja i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet innan 15. januar. Det kom i alt 16 søknader, der 6 gjeld *Hjortevilttiltak* og 10 gjeld *lokale vilttiltak m.v.* Oversikt over søknadene er vist i tabell 1, med forslag til tilskot (kr) i kolonna lengst til høgre. Tabellen viser også total kostnad for det enkelte tiltak og omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Føreslåtte fordeling av tilskot er gjort etter samordna søknadsbehandling på saksbehandlarnivå med tilskotsmidlar til vilt- og fiskeformål som Fylkesmannen i Hordaland fordeler, og tilskotsmidlar til friluftaktivitet som fylkeskommunen fordeler, jf. forventning om samordna søknadsbehandling i Prop. 1 S.

Tabell 1: Oversikt over søknader om tilskot til vilttiltak i 2018. Beløp er i kroner.

Nr	Søkjar	Tiltak	Total kostnad	Søkt Hfk	Tilskot Forslag
		<b>Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr</b>			
1	Vestskog	Forvaltning av hjortebestand 2018	500 000	100 000	100 000
2	Vestskog	Bestandsplan og CWD 2018 og 2019	250 000	50 000	50 000
3	Norsk Hjortesenter	Viltseminar 2018	571 450	25 000	15 000
4	NIBIO Fureneset	Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog	589 066	30 000	30 000
5	Høgskolen i Sørøst-Norge	Fjellets ressursgrunnlag	1 580 000	40 000	0
6	Norsk Villreinsenter Sør	GPS-merking villrein HV&NF, - Ferdsl HV	1 345 000	90 000	0
		<b>Lokale vilttiltak m.v.</b>			
7	NINA	Organisering av jakt og kunnskapsformidling	320 000	10 000	10 000
8	Vestskog	Lokal småviltforvaltning	150 000	40 000	30 000
9	NINA	Raudrev på Hardangervidda	175 000	35 000	35 000
10	NINA	En levende kyst Samspill oter mink og sjøfugl	705 250	26 000	26 000
11	NINA	Gjess som utfordring og ressurs	378 000	15 000	0
12	Utmarksavdelingen for Akershus og Østfold (UAØ)	Nasjonal gåsekonferanse	300 000	25 000	0
13	Rs natur og bygg v/Raymond Skaar	Uttak av mink i fuglefredningsområder	30 000	30 000	15 000
14	NNI Resources AS	Virkninger av introduserte fiskearter på vannfugl	33 000	33 000	29 000
15	NJFF-Hordaland	Infoblad om jakt og fiske - infoside internett	130 000	45 000	45 000
16	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	33 000	15 000	15 000
<b>Sum hjortevilttiltak (kr)</b>			<b>4 835 516</b>	<b>335 000</b>	<b>195 000</b>
<b>Sum lokale vilttiltak m.v. (kr)</b>			<b>2 254 250</b>	<b>274 000</b>	<b>205 000</b>
<b>Sum alle tiltak (kr)</b>			<b>7 089 766</b>	<b>609 000</b>	<b>400 000</b>

### 2 Tilskotsmidlar i 2018

Hordaland fylkeskommune fekk i brev frå Miljødirektoratet datert 07.03.2018, kr 400.000 til fordeling på søknader om tilskot til viltformål. Det er same løyving som i fjor.

Tilskotsmidlane skal stå på bunde driftsfond som utelukkande kan brukast til viltformål, men kan overført til seinare år, jf. Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond. Til disposisjon for viltformål i 2018 er det ca kr 397.000, når det er trekt frå tilsegner som er gitt tidlegare år som enno ikkje er søkt utbetalt.

### 3 Nærare om tilskotsordninga

Målet for tilskotsordninga (post 71) er, jf. Prop. 1 S, å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av viltet, og at naturens produktivitet og mangfald blir teke vare på nasjonalt og regionalt.

Kriterium for måloppnåing er om ordninga gjennom støtte til god forvaltning av viltet på nasjonalt og regionalt nivå medverkar til at det blir eit haustingsverdig overskot og slik at produktivitet og artsmangfald i naturen blir ivareteke. Tiltaka som blir sett i verk skal medverke til å gje eit betre kunnskapsunderlag om artar og bestandar, eller om korleis dei kan haustast på beste vis. Effekten av tilskota må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

I rundskriv T-1/17 *Tilskotsordningar for 2018* er det lista opp følgjande tiltakstypar som kan få tilskot under post 71 (Tilskot til viltformål):

- a) Tilrettelegging for og rekruttering til jakt.
- b) Informasjon om jakt og jaktmoglegheiter.
- c) Kartlegging av viltressursane og viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunar og regionar.
- d) Innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova.
- e) Oppretting og drift av lokale samarbeidsråd.
- f) Deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid.

Søknader om tilskot til tiltak som inngår som del av ein plan vil bli prioriterte.

I Prop. 1 S er det nærare omtale av Post 71 (Tilskot til viltformål). Der er det i tillegg til punkta a-f ovanfor lista opp følgjande to tiltakstypar som kan støttast:

- Forskings- og studentoppgåver
- Andre særleg prioriterte viltformål

Vedkomande dei to punkta ovanfor, seier *Forskrift om tilskudd til viltformål* at det kan gjevast tilskot til *forvaltningsrettet forskning og overvåking*. Også i *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond* er det lista opp kva tiltak som kan støttast og ikkje støttast.

Tilskotsposten til viltformål (Post 71) er i Prop. 1 S inndelt i dei fire underpostane: 71.1 *Hjortevilttiltak*, 71.2 *Villreintiltak*, 71.3 *Lokale vilttiltak m.v.* og 71.4 *Viltovervåking*. Tilskotsmidlane til fylkeskommunen er lagt inn på underposten 71.3 (*Lokale vilttiltak m.v.*), men omfattar også hjortevilttiltak for hjort, elg og rådyr.

#### *Underpost 71.1 (Hjortevilttiltak)*

Underposten skal dekkje tiltak knytt til forvaltning av hjortevilt. Midlar blir nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m.

#### *Underpost 71.3 (Lokale vilttiltak m.v.)*

Midlane skal nyttast til tilskot i form av vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta.

Søknader som gjeld haustbare viltarter, unnateke villrein, grågås og kortnebbgås, skal adresserast til fylkeskommunen i det fylket der tiltaket skal gjennomførast. Søknader om ikkje haustbare viltarter og villrein, grågås og kortnebbgås skal adresserast til Fylkesmannen. Søknader frå sentralorgan i landsdekkande organisasjonar skal adresserast til Miljødirektoratet. Etersom fylkesmannen på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor sitt forvaltningsområde er det krav om god samordning av bruken av midlane.

#### **4 Tilskot – prioriteringar i Hordaland i 2018**

Hordaland fylkeskommune har i perioden 2010–2017 gitt vel tre gonger så mykje tilskot til hjortevilttiltak som til andre vilttiltak. Hordaland er eit stort hjortefylke og tilhøyrande forvalting har dei seinare åra blitt meir omfattande og krevjande for kommunane og jaktrettshavarane. Ved revisjonen av hjorteviltforskrifta i 2002, vart ansvaret for fastsetting av minsteareal for jakt på hjort, elg og rådyr overført frå fylkesmannen til kommunane. Fastsetjing av minstearealet er det viktigaste verkemiddelet i reguleringa av bestands-storleik. Ved revisjonen av hjorteviltforskrifta i 2012 vart kommunane pålagt å vedta mål for utviklinga av bestandane av hjort, elg og rådyr, der det er opna for jakt på arten/artane. Måla skal blant anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.

Hovudregelen ved forvalting av hjort og elg skal vere bruk av bestandsplan. Kommunen skal legge til rette for og stimulere jaktrettshavarane til å planlegge ei god, målretta bestandsforvalting gjennom utarbeiding av bestandsplan. I den samanheng er det ei av kommunen sine oppgåver å stimulere til etablering av føremålstenlege vald, bestandsplanområde og bestandsplanar. Hjorteviltforskrifta (§ 4) seier at kommunane bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandane når det er føremålstenleg å samordne bestandsplanlegginga over kommunegrenser. Fylkeskommunen kan påleggje kommunar å inngå i eit slikt samarbeid dersom det vert sett som nødvendig for å ivareta bestands- eller samfunnsmessige omsyn på eit regionalt nivå.

##### *Hjortevilttiltak (hjort, elg, rådyr)*

I åra 2010-2013 brukte fylkeskommunen mest tilskotsmidlar på GPS-merkeprosjektet «Hordahjort» – for å få meir kunnskap om trekk og årsleveområde til hjort. I prosjektet vart det utarbeidd eit kart med forslag til inndeling av fylket og tilgrensande areal i ca 20 bestandsplanområde for hjort.

Prosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013-2017» har vore eit naturleg oppfølgingsprosjekt etter «Hordahjort», for hjelp til etablering av bestandsplanområde for hjort med tilhøyrande bestandsplanar. Hordaland fylkeskommune fekk øyremerka tilleggsøyving frå Miljødirektoratet i åra i 2014-2016 for å kunne støtte prosjektet ekstra. Prosjekta «Hordahjort» og «Forvaltning av hjortebestand» vart begge finansiert i spleiselag med kommunane.

##### *Andre lokale vilttiltak m.v.*

Søknadane er av svært ulike typar og omfang, og det vert viktig med vurdering opp mot mål med tilskotsordninga. For fylkesovergripande prosjekt kan det vere søkt om tilskot frå mange fylkeskommunar, og i enkelte tilfelle også frå fylkesmann, direktorat og andre. I det sentrale søknadssenteret ved Miljødirektoratet, ser ein kven som har gitt tilskot til dei enkelte prosjekta, og at det helst er tiltak i eigne fylke som vert prioritert høgast.

#### **5 Omtale og vurdering av søknadane**

Det følgjer kort omtale og vurdering av den enkelte søknad i same rekkefølge som dei har i tabell 1.

#### **Lokale vilttiltak - Hjortevilt**

##### **5.1 Vestskog: Forvaltning av hjortebestand 2018**

Prosjektet skal gje fagleg hjelp til bestandsplanområde som vart etablert i prosjektet Forvaltning av hjortebestand 2013-2017. Dette for å sikre kontinuitet i arbeidet i bestandsplanområda i ein sårbar fase etter etablering, før arbeidet er oppe og står på eigne bein, med støtte frå kommunane. I prosjektet vil det særleg vere vekt på evaluering av rutinar for oppfølging av bestandsplan, vurdering av måloppnåing og etablering av rutinar for auka opplutning og samarbeid i bestandsplanområda.

Vurdering: Tiltaket vert føreslått støtta ut frå argumenta over. På sikt er det dei enkelte bestandsplanområda som i tilfelle sjølv må søkje om tilskot for arbeid knytt til bestandsplanområde.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot på kr 100.000 som omsøkt.

### **5.2 Vestskog: Bestandsplan og CWD 2018 og 2019**

Vestskog har, som støttespelar for grunneigarane i viltforvaltning, søkt om tilskot til eit 2-årig prosjekt 2018-2019 som skal bidra til at det vert innarbeidd tiltak i bestandsplanar for å redusere risiko for spreiding av skrantesjuka (CWD). Prosjektet skal blant anna bidra til gjennomføring av 50 møter for grunneigarar for fagleg forståing for problemstillinga og for å få gode rutinar gjennom bestandsplanane. Arbeidet vil vere i tett dialog med kommunane, og andre etatar for å sikre samhandling og målretting av kunnskap og behov. Arbeidet skal samordnast med arbeidet som Norsk Hjortesenter gjer på området. Det er søkt om gjennomføring av prosjektet også i Sogn og Fjordane og Rogaland.

Vurdering: Prosjektet vil bidra til informasjon og motivasjon lokalt for førebyggjande tiltak mot CWD.

Konklusjon: Det vert føreslått å støtte prosjektet i år med kr 50.000 som omsøkt. Det trengs ny søknad og vurdering til neste år.

### **5.3 Norsk Hjortesenter: Viltseminar 2018**

Stiftinga Norsk Hjortesenter har søkt om å arrangere eit 2-dagars seminar med hjorteforvaltning, skrantesjuka (CWD) og jakt som hovudtema. Målgruppe er kommunale sakshandsamarar, jaktrettshavarar, jegerar og andre. Senteret har sidan 1999 arrangert nasjonale og regionale seminar for aktørane i hjorteviltforvaltninga. Slike møteplassar er viktige for påfyll av fagstoff for lokal og regional forvaltning.

Seminaret i år vart arrangert i Førde 02.-03. mars, i samarbeid med Sogn og Fjordane Bondelag, NJFF Sogn og Fjordane og Vestskog SA – mellom anna for å utvide fagområdet for seminaret til meir enn berre hjorteforvaltning. Det er søkt kvar av dei fire fylkeskommunane på Vestlandet om kr 25.000 i tilskot til arrangementet, mellom anna for å dekke kostnader til foredragshaldarar og annonsering.

Vurdering: Seminaret er alt gjennomført, med avgrensa deltaking frå Hordaland. Det er litt lang reiseavstand og mange hadde vinterferie.

Konklusjon: Det vert føreslått eit tilskot på kr 15.000 frå Hordaland fylkeskommune.

### **5.4 NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) Fureneset: Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog (2016-2018)**

Prosjektet skal gjere registreringar i ungplantefelt av gran og furu, naturlege foryngingsfelt i furu og i ung produksjonsskog for å finna omfang av beiteskade av hjort i ulike vekststadiet i utvalde område f.o.m. Ryfylke t.o.m. Sør-Trøndelag. Registreringane skal nyttast til berekning av skadeomfang og økonomisk tap, og som eit av fleire hjelpemiddel i viltforvaltninga til bestandsregulering på berekraftig nivå.

Samarbeidspartar og/eller medfinansieringskjelder i prosjektet er Vestskog, Allskog, kommunar, fylkesmenn og fylkeskommunar på Vestlandet, Skogfondet i enkelte kommunar på Vestlandet og Miljødirektoratet. Det treårige prosjektet er budsjettert til 1,77 mill. kr, der 1,18 mill. kr. vert søkt skaffa regionalt frå medfinansieringskjelder. Oppførte kostnader i tabell 1 (over) gjeld for det tredje og siste året. Det er søkt om tilskot frå dei fem fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Samla omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune er på 130.000 for det treårige prosjektet, derav kr 30.000 i år.

Vurdering: Det er ønskeleg med eit slikt kunnskapsbasert prosjekt der det vert gjort eit systematisk studie av skogskade som følgje av hjortebeiting no når bestandstettleiken av hjort har vore historisk høg.

Prosjektet vil bidra med nyttig kunnskap om kva som er berekraftig tettleik av hjort i forhold til skogskade.

Når kommunane skal vedta mål for bestandsutviklinga, skal det blant anna takast omsyn til skadar på skogbruk. Søknaden viser at prosjektet inngår i ein større samanheng i forhold til anna arbeid som er gjort.

Prosjektet er omfattande, med mange samarbeidsaktørar og bidragsytarar, som koplar kunnskapsmiljø, forvaltning og skogeigarsida.

Konklusjon: Det vert føreslått å støtte prosjektet som omsøkt også i år, med kr 30.000. Samla tilskot frå Hordaland fylkeskommune 2016-2018 vil i tilfelle vere på kr 130.000 som omsøkt.

### **5.5 Høgskolen i Sørøst-Norge: Fjellets ressursgrunnlag**

Høgskulen, ved institutt for natur, helse og miljø, ønskjer å utvikle metodar og utføre analysar som kan bidra til auka vitenskapleg og forvaltningsretta kunnskap om alpine økosystem med fokus på samspelet mellom dyr, vegetasjon, menneskeleg aktivitet og klimaendringar. Sentralt i prosjektet er utvikling av ein ny type høgoppløyselig kartprodukt av alpin vegetasjon basert på fjernmålte data. Grunnlaget for dette er bruk av nye multispektrale flyfoto (25 cm oppløysning), og data frå ein 35-års tidsserie med satelittbilete tilbake til 1984. Kartprodukta skal vise endringar i vegetasjon over tid, og vil vere ei vidareutvikling av tidlegare utvikla kart (i SatNat-programmet). Valt studieområde er Hardangervidda og Nordfjella, der ein vil undersøkje korleis klimaet påverkar fjellvegetasjonen og beiteressursane.

Søknaden om tilskot gjeld fase 1 i prosjektet, som startar i februar 2018 og varer i eitt år. Der inngår det eit utviklingssamarbeid med forskingsinstitusjonen CSIRO i Australia for analysar av dei digitale flyfoto og kompetanseoppbygging der, for vidare analysar ved høgskulen frå hausten 2018. Milepæl i fase 1 er blant anna å lage detaljert kart for Hardangervidda og Brattefjell-Vindeggen (veke 50) og detaljert kart for Nordfjella (veke 4 i 2019). Fase 1 av prosjektet er budsjettert til kr 1,58 millionar. Det er søkt om kr 40.000 i tilskot frå kvar av dei fem fylkeskommunane Oppland, Buskerud, Telemark, Sogn og Fjordane og Hordaland. Det er i tillegg søkt Miljødirektoratet om tilskot på kr 250 000 (villrein) og Norsk Villreinsenter om kr 50.000. Resten, kr 1,39 millionar, vert dekkja av høgskulen (drifts- og lønsmidlar).

Etter framstilling av detaljert kart av vegetasjonen i dag, skal ein sjå på endringar tilbake i tid. Deretter vil prosjektet vidareførast i samarbeid med andre norske institusjonar, ved å knyte dei nye kartdata til analysar av bestandsrelaterte data og trekk/arealbruk til villrein, rype og sau. I fase 2 av prosjektet, som startar i 2019, vil ein gå vidare med tilrettelegging og analysar av ein tidsserie med satelittbilete frå Landsat og Sentinel-2 i eit samarbeid med *University of Maryland*. I fase 3 vil høgskulen gjere analysar mot observasjonsdata for villrein, rype og sau. Fase 1 av prosjektet er nødvendig for dei etterfølgjande fasane med analysar retta mot forvaltningsrelaterte problemstillingar for villrein og rype. Resultat frå prosjektet vil elles bli i form av artiklar i internasjonale tidsskrift og informasjon i meir populærvitenskaplege nasjonale media.

Vurdering: Det er den første fasen av prosjektet det er søkt om tilskot til. Den fasen dreiar seg om metodeutvikling for kartframstilling, som bør vere eit nasjonalt ansvar, for standardisering og kost/behov vurdering for forvaltningsformål. Slike kartdata vil også ha fleire bruksformål og overføringsverdi til andre alpine område. Til dømes var SatNat-programmet, som er nemnt i søknaden, eit nasjonalt samarbeid mellom Miljødirektoratet og Norsk Romsenter. For villrein er det søkt Miljødirektoratet (sentralt) om tilskotsmidlar. I det omsøkte prosjektet er rype den einaste arten som kjem inn under fylkeskommunen sitt vilt-forvaltningsansvar.

Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje støtte prosjektet ut frå vurderinga om at tilskot til prosjektet (fase 1) i tilfelle bør kome frå nasjonalt hald.

### **5.6 Norsk Villreinsenter Sør: GPS merking villrein Hardangervidda og Nordfjella, Ferdseil Hardangervidda**

GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella har ei overbyggande referansegruppe med ulike arbeidsgrupper under seg med kvar sine faglege ansvar. Denne søknaden gjeld arbeidsgruppe 3 *Ferdseil*. GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella vart vidareført i ny form i 2016 og hadde sitt første heile driftsår i 2017. Prosjektet har følgjande delprosjekt med eigne arbeidsgrupper: 1) Overvaking av Rv7, 2) Kraft og anlegg i Nordfjella, 3) Ferdseil på Hardangervidda, 4) Regional Plan og fokusområde og 5) CWD (sistnemnte er per i dag ikkje aktiv). Kvar av desse delprosjekta har eiga finansiering.

For 2018 er det for delprosjektet ferdsel søkt om totalt kr 1.345.000,-, fordelt på 3 ulike arbeidspakkar for vidare undersøkingar av ferdselen på Hardangervidda. For 2017 var det for delprosjekt ferdsel søkt om kr 1,323 millionar, og det kom då inn meir enn omsøkte midlar (kr 1,347 millionar). Det var i 2017 lagt opp til ei omfattande kartlegging av ferdsla over heile Hardangervidda. For å følgje opp arbeidet vil ein i 2018 leggje opp til supplerande undersøkingar i område der ein av ulike årsaker fekk for lite data i 2017 i forhold til forvaltningsprosessar, som arbeidet med besøksstrategi på Hardangervidda, rullering av regional plan på Hardangervidda, verdiskapingsprosjektet i regi av Buskerud fylkeskommune, arbeidet med oppgradering av nasjonal turistveg over Hardangervidda og revisjon av konsesjonar for vassdragsreguleringar. Desse supplerande undersøkingane, saman med data frå undersøkingane i 2017 gir viktig kunnskap om ferdsla rundt om og på vidda generelt, samt at slike data gir høve til å kople data om menneskeleg ferdsel mot villreinens arealbruk i same område. Vidare gir slike data høve til å sjå nærare på korleis menneskeleg aktivitet relaterer seg til infrastruktur, enten det er tilrettelagt med turisthytter, eller infrastruktur som følgjer t.d. vassdragsreguleringar (anleggsvegar, regulerte vatn med båtutsett osv.)

Ut over desse grunnleggjande undersøkingane av den generelle ferdsla på vidda, vil ein i 2018 også leggje opp til ytterlegare to arbeidspakkar som er retta mot fokusområdet rundt Rv7., som går ut på å utvide kunnskap om ferdsla ut frå Rv7 sommars- og vinterstid.

Vurdering/Konklusjon: Det vert vurdert at prosjektet ikkje kjem inn under tiltak i tilskotsordninga som kan støttast av fylkeskommunen. Det vert difor rådd til å ikkje støtte prosjektet.

## Lokale vilttiltak

### **5.7 Norsk institutt for naturforskning (NINA): Organisering av jakt og kunnskapsformidling**

Prosjektet skal formidle kunnskap gjennom å informere om skarvane sin betydning og potensielle påverknad på fiskebestandar. Dette skal skje gjennom; (1) ein informasjonskampanje mot jegerar, fiskarar og rettshavarar, kor NJFF vil leie arbeidet og (2) eit nasjonalt seminar som vil bli arrangert i oktober 2018 i regi av NINA.

Prosjektet inngår som arbeidspakke 3 i eit større prosjekt i 2018, etter eit forprosjekt i 2017, der formålet har vore å studere dei økologiske og samfunnsmessige effektane av den aukande førekomsten av storskarv og mellomskarv i vassdraga i innlandet, spesielt Mjøsa og nedre del av Gudbrandsdalslågen.

Det er for arbeidspakke 3 søkt i alt 11 fylkeskommunar (Østfold, Akershus, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland og Hordaland) om tilskot på til saman kr 120 000, for gjennomføring av informasjonskampanjen mot jegerar, fiskarar og rettshavarar, nemnt over, mens prosjektet alt har fått kr 200 000 frå sentralt viltfond for å arrangere det nasjonale seminaret.

Vurdering: Dei 11 fylkeskommunane som det er søkt om tilskot frå, er samanfallande med dei fylka der det er opna for jakt på storskarv i ferskvasslokalitetar, jf. forskrift om jakt og fangsttider. Hovudprosjektet i 2018 har likevel fokus på arealbruk hos storskarv i Mjøsområdet, og er såleis ikkje like relevant for storskarv i innlandsvassdrag i Hordaland. Ut frå storskarv-observasjonane som er registrert på *Artskartet*, bør informasjonskampanjen i regi av NJFF, som fylkeskommunane er søkt om tilskot til, vere av tilstrekkeleg interesse, føreset at informasjonen skjer i Hordaland.

Konklusjon: Det vert føreslått å gje tilskot på kr 10 000, som omsøkt.

### **5.8 Vestskog SA: Lokal småviltforvaltning**

Prosjektet vil drive oppsøkjande informasjonsarbeid opp mot grunneigarlag som forvaltar småvilt. Det blir søkt om midlar til prosjektet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Målet med tiltaket er å setje fokus på småviltforvaltning gjennom aktiv spreining av eksisterande kunnskap ved å gjennomføre informasjonsmøter for inntil 10 grunneigarlag i kvart fylke. Prosjektet vil også kartleggje og dokumentere behovet for vidare oppfølging i dei ulike områda. Oppførte kostnader i søknaden er løn (kr 120 000) og transport (kr 30 000).

Vurdering: Skildringa av tiltaket i søknaden er vist ovanfor og er svært knapp. Det framgår at tiltaket er lite konkret og målretta i forhold til opplistinga av tiltakstypar som kan støttast under tilskotsordninga.

Konklusjon: Det vert føreslått å gje tilskot på kr 30 000 til prosjektet, mot omsøkt kr 40 000, for å sjå kva Vestskog får ut av prosjektet i forhold til mål med tilskotsordninga.

### **5.9 NINA: Raudrev på Hardangervidda**

Avlsprogrammet for fjellrev har på få år vist seg som det mest effektive tiltaket for å reetablere utdøyde bestandar og styrkje bestandar med få individ. Sidan 2007 er det sett ut 319 fjellrevkvalpar fordelt på Dovrefjell, Finse, Junkern i Rana, Sylane og Hardangervidda. Det har på få år lukkast å reetablere bestandar i Dovrefjell, Finse og Junkern, noko som har resultert i meir enn 600 villfødde kvalpar. Utsetjingar på Hardangervidda starta i 2014 og det er til no sett ut 87 kvalpar der. I tillegg skal 18-19 kvalpar fødd i 2017 setjast ut på Hardangervidda i februar 2018. Dei to siste åra er det dokumentert minst ein yngling årleg og i tillegg er det udokumenterte meldingar om fleire ynglingar. Det er registrert meir en 205 gamle fjellrevhi som vitnar om at Hardangervidda historisk hadde ein av de største fjellrevbestandane i Skandinavia. Ei av dei viktigaste utfordringane for å re-etablere fjellrev i området er utbreiinga til- og konkurranse med raudrev. NINA søker om midlar til å fortsetje arbeidet med å få eit mål på tal raudrev i høve til fjellrev i området. Dette vil gje moglegheit til å kunna vurdere utsetjingsmetodikk og eventuelle tiltak. Innsamla data vil òg nyttast i det NFR-støtta prosjektet ECOFUNC der høgare skoggrense og raudreven sin ekspansjon opp i høgfjellet er sentrale tema. Ei viktig målsetjing er å utvikle verktøy som kan gje råd om framtidig forvaltning av høgfjellet. Slike verktøy kan bli viktige bidrag i planlegginga av gode bevaringsprogram og tiltak for restaurering av landskap og artssamansetjing. For 2018 er det søkt om tilskot til prosjektet på totalt kr 175 000 kr, derav kr 75 000 til DNA-analysar av raudrev, og resten løns- og reise-/transportkostnader. Det er søkt kvar av fylkeskommunane/fylkesmannen i Buskerud, Telemark og Hordaland om kr 35.000.

Vurdering: Fylkeskommunen fekk tilsvarende søknad i 2016 og 2017, og støtta tiltaket med kr 45 000 (som omsøkt) i 2017. Vurderinga er at tiltaket primært er eit fjellrevtiltak (som ikkje ligg under fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar). Mykje raudrev i området vil likevel vere eit problem for reetablering av fjellrev. Følgjeleg må det også framskaffast kunnskapsgrunnlag om raudrev, for å kunne setje i verk eventuelle forvaltningstiltak. Det omsøkte prosjektet utgjer den delen av fjellrevprosjektet som går ut på å framskaffe auka forvaltningskunnskap om raudrev. Slik sett kan ein også forstå at Fylkesmannen i Hordaland, (som ikkje har forvaltningsansvar for raudrev), har avslått søknaden om tilskot.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot på kr 35 000 til prosjektet i år, som omsøkt.

### **5.10 NINA: En levende kyst Samspill oter mink og sjøfugl**

Prosjektet har som formål å følgje reetableringa av oter på Sørvestlandet og kaste lys over kor vidt oter har ein bestandsreducerande effekt på svartelistearten mink. Mink er ein aktiv predator på hekkande sjøfugl. Dersom ein aukande oterbestand fortrengrer minken, vil dette kunne ha positive effektar på sjøfuglbestandane i områda oteren ekspanderer. NINA vil studere dette ved hjelp av å setje ut viltkamera på markeringspunkt for oter og mink ved dagleier/hi og ferskvasskjelder i ekspansjonsfronten for oter langs ein fjord-kyst gradient i Sunnhordland samt langs ein sør-nord gradient langs kysten frå ekspansjonsfronten til eit etablert oterområde ved utløpet av Sognefjorden. Eit utval sjøfuglkoloniar i desse områda vil bli følgde opp i forhold til bestandsendringar og hekkesuksess. Analysar vil basere seg på endringar i tid og rom og vil gje eit solid kunnskapsløft innan problematikken omkring svartelistearten mink og opphavlege kystfaunaarter.

I tillegg til søknaden i år var det fremja tilsvarende søknad i 2016 og 2017, og det vil fremjast ny, årleg søknad 2019-2022. Framdrift i 2018 er at det skal vere etablert viltkamera våren 2018, dataanalysar haust 2020, og publisering og rapportering innan 31.12.2022, med 2-3 artiklar i fagfelleverderte tidsskrift og 4 populærartiklar.

Totalbudsjettet for prosjektet i 2018 er på ca kr 705 000, der løn utgjør ca kr 404 000 og kostnader til reise, båtleige, kjøp av viltkamera (40 stk.) m.m. utgjør resten (ca kr 301 000). Det er søkt fylkesmannen og fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane om høvesvis kr 22 000 og 26 000 kvar i 2018, Miljødirektoratet om kr 458 000 og eigenfinansiering kr 150 000. Hordaland fylkeskommune støtta prosjektet i 2017 med kr 25 000 som omsøkt. Fylkesmannen i Hordaland støtta prosjektet som omsøkt i 2017 og 2018.

Vurdering: Prosjektet vil bidra til oppbygging av forvaltningsretta kunnskap om samspelet oter-mink-sjøfugl, og bør vere interessant for viltilskot også frå fylkeskommunen.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot på kr 26 000, som omsøkt.

### **5.11 NINA: Gjess som utfordring og ressurs**

Dei fleste europeiske gåsebestandane er i kraftig vekst. Eit mildare klima som gir betre vinteroverleving, betre og meir mat og betre hekkeforhold, er ein av hovudfaktorane til dette. Dei aukande bestandane har medført aukande konflikhtar med landbruk, då gjæsene kan redusere avlinga. Det føregår samarbeid mellom landa for felles tiltak vedkomande gås, gjennom «Vassfuglavltaen», under [AEWA](#) (Agreement on the Conservation of African-Eurasian Migratory Waterbirds), administrert under FNs miljøprogram. Jakt kan bidra til å redusere dei jaktbare bestandane slik at landbrukskonfliktane vert redusert. For artar som ikkje er jaktbare, må det gjerast andre tiltak, noko det skal arbeidast med i den nye arbeidsgruppa «Agricultural Task Force», der det deltok 7 land; Norge (leiar), Danmark, Sverige, Nederland, Belgia, England og Ukraina. Søknaden gjeld arbeid som kjem inn under tema som den nye arbeidsgruppa skal arbeide med. Det er søkt om tilskot til prosjektet på til saman kr 270 000 frå fylkesmannen og fylkeskommunane i ca 10 fylke i Sør-Norge, medrekna Hordaland.

Vurdering: Det vert vurdert at prosjektet er for overordna og lite spesifisert for å tilskot frå fylkeskommunen, og at tiltaket kanskje i liten grad gjeld fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar for gjæser, som er avgrensa til dei framande og haustbare artane kanadagås og stripegås.

Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje gje tilskot til prosjektet.

### **5.12 Utmarksavdelingen for Akershus og Østfold (UAØ): Nasjonal gåsekonferanse**

UAØ ønskjer, i samarbeid med Norges Bondelag, å arrangere ein nasjonal lunsj til lunsj konferanse om gåseforvaltning. UAØ arbeider tett med Norges Bondelag om tema innanfor gåseforvaltning, og ser behov for ei fagsamling kor offentleg og privat forvaltning, forskning og interesseorganisasjonar er samla for utveksling av fagkompetanse og erfaringar. Det er mykje kunnskap og erfaringar innanfor desse tema som det er interessant å dele mellom dei som har behov og ønskje for det. Det er fire gåseartar i Norge med store bestandar som skapar utfordringar: Grågås, kanadagås, kortnebbgås og kvitkinngås. Det er forskjellige utfordringar med dei ulike artane, samt regionale forskjellar på bestandsstorleik og grad av skade. Gjæsene kan gjere skade i landbruk og tilgrisar parkar og strender, men kan òg vere ynda jaktobjekt. Følgjande tema er aktuelle på konferansen: Biologi, trekkruiter og delbestandar av ulike gåseartar, rollene i forvaltninga, organisering av gåseforvaltninga på grunneigarnivå, salgbare gåsejaktprodukt, gås i verneområde, og skadeførebygging.

UAØ har søkt om tilskot på kr 25 000 frå kvar fylkeskommune og fylkesmann i dei ca 10 fylka som er vurdert som mest aktuelle for delfinansiering (Østfold, Oslo og Akershus, Vestfold, Telemark, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Trøndelag og Nordland). Miljødirektoratet er søkt om kr 50 000.

Vurdering: Det vert vurdert at ein nasjonal konferanse bør finansierast frå sentralt hald, og at det vil vere meir aktuelt med tilskot frå fylkeskommunen til regionale konferansar.

Konklusjon: Det vert føreslått å ikkje gje tilskot til prosjektet.

### **5.13 Rs natur og bygg v/Raymond Skaar: Uttak av mink i fuglefredningsområder**

Tiltaket har som mål å ta ut all territoriell mink i og nærast fuglefredningsområde i kommunane Sund og Austevoll i 2018, før hekkesesongen for sjøfugl. Det er gjennomført liknande prosjekt i 2014, 2016 og 2017. Det er førebels teke ut 13 mink i desse områda. Prosjektet er i samråd med Fylkesmannen i Hordaland, og i samsvar med forvaltningsplan for sjøfuglreservat i Hordaland (MVA-rapport 3/2015) og handlingsplan mot mink i Norge (DN-rapport 5-2011). Det er søkt om tilskot på til saman kr 30 000 frå fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, for å dekke løn for arbeidet. Fylkesmannen har gitt tilskot på kr 15 000.

Vurdering: Mink er ein framand og svartelista art. Tiltaket er strategisk og målretta, og har så langt (2014-2017) hatt god effekt.

Konklusjon: Det vert føreslått å gje tilskot til prosjektet på kr 15 000, som saman tilskot frå fylkesmannen i Hordaland vil gje eit samla tilskot på kr 35 000 som omsøkt.

### **5.14 NNI Resources AS: Virkninger av introduserte fiskearter på vannfugl**

Prosjektet har som mål å avdekke eventuelle verknader av introduserte fiskearter i vestnorske vatn og innsjøar på økosystem generelt og vassfuglar spesielt. Introduserte artar er gjedde (introdusert for over 100 år sidan, men i spreining) og åbor (bokmål: abbor, relativt nyleg introdusert). Prosjektet har fokus både på hekkebestandar og reproduksjon via konkurranse med introduserte fiskeartar, samt på vinterbestandar i studieområdet. Studieområdet er avgrensa til vassdrag på Bergenshalvøya. Metodisk vil også historiske data bli brukt, i perspektiv tilbake 40 år, dvs. prosjektet har tilgjengeleg både før- og etterdata sett i forhold til introduksjon av åbor. Leveranse frå prosjektet blir fagrapport.

Vurdering: Søknaden er knapp og målsetjinga ambisiøs. Prosjektet kunne alternativt vore eit innlandsfiskeprosjekt. Fylkeskommunen har forvaltningsansvar også for innlandsfisk, men ikkje tilskotsmidlar til slike formål. Som viltforvaltningstiltak vil det vere interessant å sjå kva ein kan få ut av eit avgrensa prosjekt.

Konklusjon: Det vert føreslått tilskot på kr 29 000 til prosjektet, mot omsøkt kr 33 000.

### **5.15 NJFF-Hordaland: Infoblad om jakt og fiske - infoside internett**

NJFF-Hordaland har dei siste 19 åra gitt ut eit *informasjonsblad om jakt og fiske* to gonger årleg. Bladet har eit opplag på 6500 og vert sendt gratis pr. post til alle kommunar i fylket, til offentleg miljø- og landbruksforvaltning, alle aviser, lokalradio, media elles i fylket, til lokallag av NJFF, til andre jeger- og fiskarlag i fylket, til sportsbutikkar i fylket, til alle medlemmer av NJFF i fylket, samt til medlemmer i fiskeklubben for barn i fylket m.fl. I bladet når ein ut til dei fleste jakt- og fiskeinteresserte i fylket med informasjon om t.d. lover og forskrifter for jakt og fiske, om kurs, informasjon om aktuelle saker som vedkjem jakt- og fiskeinteresserte, informasjon om arrangement for barn og mykje meir. Det er gratis for offentleg forvaltning, kommunar osv. å bruke bladet til å spreie informasjon, og dette har skjedd jamleg. Bladet går i 2018 inn i sitt tjuande år. Då bladet vert sendt ut til så mange adressatar (ca 6000) to gonger årleg, og då bladet er på 16 sider, har NJFF-Hordaland store trykke- og portoutgifter knytt til utgjevingane. Det er ønskeleg å gje ut to nummer også i 2018, i juni og desember.

Sidan hausten 1998 har NJFF-Hordaland også drive ei *informasjonsside på internett* om jakt, fiske, friluftsliv, forvaltning, miljø etc. Adressa til sida er <http://www.njff.no/fylkeslag/hordaland>. Sida vert oppdatert jamleg og inneheld mykje aktuell informasjon, blant anna frå offentleg forvaltning. Fylkessekretæren brukar ca 200 timar pr. år på oppdatering av sida. NJFF-Hordaland har i tillegg ei eiga Facebook side som vert brukt aktivt.

Dei to tiltaka er budsjettert til totalt kr 130.000, derav kr 68.000 til løn, kr 30.000 til trykkerikostnader og porto og kr 10.000 til fotoutstyr og diverse. NJFF-Hordaland dekkjer sjølv kr 85.000 frå eigne midlar.

Vurdering: Tilsvarande søknader har vore støtta i åra 2010-2017.

Konklusjon: Det vert føreslått å gje tilskot på kr 45 000, som omsøkt.

### **5.16 NJFF-Hordaland: Kvinneaktiviteter 2018**

NJFF-Hordaland har i fleire år drive aktivt for å få fleire kvinner interessert i jakt, fiske og friluftsliv. Sidan midten av 1990-åra har fylkeslaget hatt eigen kvinnekontakt i fylkesstyret, og laget har eige kvinneutval, der kvinnekontakten er leiar. Arbeid for å få opp kvinneaktivitetane har vore høgt prioritert i NJFF-Hordaland dei siste åra, og har resultert i fleire kvinnelege jegerar og fiskarar. I dag er rundt ein tredel av jegerprøvekandidatane i bynære strøk i Hordaland kvinner.

Kvinnekontakten gjennomførte i 2017 fleire kurs og samlingar for kvinnelege jegerar. Det er planlagt tilsvarande samlingar i år. Arrangementa er opne for alle kvinner, også ikkje-medlemmer. Informasjon om arrangementa vert spreidd gjennom avisannonser, heimesidene på internett, fylkesblad og via e-post m.m. I søknaden er det ført opp kr 20.000 i utgifter til jaktkort og overnatting og total kostnad for tiltaket på kr 33.000. Sjølv dekkjer NJFF-Hordaland kr 18.000. Søknaden er også sendt til fylkeskommunen under tilskotsordninga til friluftaktivitet.

Vurdering: Tiltaket er positivt for rekruttering av kvinner til jakt og fiske og tilhøyrande friluftsliv. Etter samordna søknadsbehandling er det føreslått å støtte tiltaket under tilskotsordninga til viltformål.

Konklusjon: Det vert føreslått kr 15.000 til tiltaket, som omsøkt.

### **6 Andre vurderingar - Naturmangfaldlova**

I følgje naturmangfaldlova § 7 skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 vurderast ved utøving av offentleg mynde som påverkar naturmangfaldet, medrekna tildeling av tilskot. I naturmangfaldlova § 5 (forvaltningsmål for artar) er målet at artane og deira genetiske mangfald skal ivaretakast på lang sikt og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet skal også artane sine økologiske funksjonsområde og dei andre økologiske føresetnadene som dei er avhengige av ivaretakast. Dette forvaltningsmålet gjeld ikkje for framande organismar.

Formålet med tilskotsordninga til viltformål er, som nemnt over, å bidra til oppretthalding eller betring av miljøtilstanden. Det vert vurdert at ingen av tiltaka som er føreslått støtta vil påverke naturmangfaldet negativt, og at det difor ikkje er nødvendig med nærare vurderingar i forhold til nokon av dei miljørettslege prinsippa.

### **7 Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune har i år fått ei løyving på kr 400 000 til fordeling under den statlege tilskotsordninga til viltformål som gjeld haustbare, ikkje truga viltartar. I saka er det føreslått at kr 400 000 vert fordelt på 12 av dei i alt 16 søknadane om tilskot i år. Det bundne, fylkeskommunale viltfondet vil då vere omtrent i balanse.